



SUSANNA HAR TINGINGSVERKET

Susanna seier det er ei stor ære å lage tingsverket til Vossajazz 2017. Verket har fått namnet *Garden of Earthly Delights*, inspirert av den nederlandske målaren Hieronymus Bosch (1450–1516) og kampen mellom lys og mørke. Verket vert framført av Susanna & The Brotherhood of Our Lady.

Foto: Anne Valeur



Kim Myhr gav tidlegare i haust ut albumet *Bloom*, ei plate som får fleire lyttarar til å oppdaga eit instrument på nytt. Pressefoto

ren, då han valde tittelen *Good-bye To Language* på albumet sitt (Anti/Playground). Å lytte til Lanois og Sundstøl om kvarandre er å gi seg over til den ofte stereotypifiserte steelgitarens undervurderte lydkrikdom – ei forfriskande øving for dei som framleis måtte tru at instrumentet for evig høyrer til den sentimentale country-balladen.

Tilfellet ville ha det til at eg dei siste vekene har lytta mykje til eit fjerde gitaralbum, nemleg Larry «Gimmer» Nicholsons *Christopher Idylls*, ei innspeling frå 1968 som først såg dagens lys på CD i 1994, og som i fjor kom på vinyl gjennom det vesle Memphis-selskapet Light in the Attic.

Ein av dei som lytta mykje til Nicholson seint på 1960-talet, var Chris Bell – noko ein kan høyre på dei skarve platene Big Star fekk gitt ut på 1970-talet før det var slutt.

Gitaren er sjølvsgatt rockemusikkens ikoniske bandinstrument, og haustens plater frå Myhr, Sundstøl og Lanois minner også lyttarar om kor definerande bidraga frå desse musikanerane har vore for dei mangfaldige konstallasjonane dei har medverka til opp gjenom åra.

ØYVIND VÅGNES

Øyvind Vågnes er forfattar og fast musikkskribent i Dag og Tid.

Arkivet: Dusty i Memphis



Det var i 1968 at Dusty Springfield pakka kofferten og reiste til Memphis, etter å ha signert med plateselskapet Atlantic, for å lage musikk saman med The Memphis Cats og produsentane Jerry Wexler, Tom Dowd og Arif Martin.

Klassiske *Dusty in Memphis* (1969) vart resultatet, eit album like eigna til å løfte ein sein søndagsmorgon som ein sein laurdagskveld.

Warren Zanes lange essay om albumet, som kom ut i den nette bokserien 33 1/3 (Continuum) i 2004, låg i min eigen koffert då eg kom til Memphis for litt sidan, og endeleg fekk fingrane i ei vinylutgåve av *Dusty in Memphis*, i gåvebutikken i museet som no er plassert i lokala der selskapet Stax ein gong heldt til.

«Dusty's project demonstrates that there is no trip down South that is not a trip into the imagination», skriv Zane på siste side i teksten sin. Det er vanskeleg å seie seg usamd.

ØYVIND VÅGNES

KLASSISK

SJUR HAGA BRINGELAND sjurhagabring@gmail.com

Ny norsk song

Så ulikt blir det når ein bed tre norske komponistar om å fylla lied-forma med nytt innhald.

CD

IBERG, HELLSTENIUS, LUND, HAGERUP BULL:



The New Song

MARIANNE BEATE KIELLAND, MEZZO-

SOPRAN; NILS ANDERS MORTENSEN, KLAVER. LAWO 2016

Lied kallar tyskarane det, franskmennene kallar det *chanson*. Her heime kallar me det *romanse* eller rett og slett *song*. Dette intime formatet med klaver og song blømde i romantikken og nådde høgdepunktet sitt under dei to «Schu»-ane Franz Schubert og Robert Schumann i fyrste halvta av 1800-talet. No har den påhittsame norske mezzosopranen Marianne Beate Kielland, som nok har sunge ein god dose romantisk lied i sitt liv, utfordra tre levande norske komponistar til å skriva sine *eigne* songar, noko som i vår formause tid resulterte i tre temmeleg ulike komposisjonar. Interessant er det at dei alle grip til tysken, som jo tradisjonelt er lied-språket *par excellence*.

MELODISKE MOLEKYL

Albumet hennar, *The New Song*, der den framifrå pianisten Nils Anders Mortensen akkompagnerer, byrjar med Helge Iberg (fødd 1954) tone-setjing av austerrikske Erich Fried (1921–1988), som er mest



Songaren Marianne Beate Kielland og pianisten Nils Anders Mortensen tolkar nye, norske songar. Foto: Espen Mortensen

kjend for politiske dikt, men her er representert med seks kjærleiksdikt. Iberg maktar å gje Frieds kompakte uttrykksmåte ein passande tonebund – musikken er samansett av melodiske molekyl med tonalt attkjennelege vendingar som blir kombinerte på nye måtar, ikkje ulikt korleis den modernistiske poesien er oppbygd. Iberg er stileklettikar og plukkar ut det han likar best frå ymse sjangrar, til dømes i «Was es ist» («Det det er»), som har uhyggeleg kabaretkarakter.

LANG AUGNEBLINK

Heilt annleis er songen ... *As the Last Bow Falls* Her tek komponisten Henrik Hellstenius (fødd 1963) utgangspunkt i den nordtyske melankolikaren Theodor Storms (1817–1888) dikt «Schließe mir die Augen beide» («Lat att bæ mine augo»), ikkje

berre i den tyske originalen, men òg i ei engelsk omsetjing. Han bryt opp teksten og trekker han ut over fjorten minuttar. Det er *vel* lenge. Eg skjønner at lengda – det å trekkja ut ein augneblink – er eit poeng i seg sjølv, litt som når me dormar av og ikkje veit kor lenge me har vore borte. Men eg trur tonesetjinga hadde oppnådd det same på halve tida. Atter annleis er Håvard Lunds (fødd 1970) to songar etter Friedrich Rückert (1788–1866), ein tysk lyrikar som attdikta både persisk, arabisk og sanskrit poesi. Ikkje berre er tekstane morosame, Lunds tonesetjing følgjer òg rytmen og frasane i teksten på beste måte i komposisjonen, som er beint fram vakker.


SJUR HAGA BRINGELAND

Sjur Haga Bringeland er musikal og fast musikkmeldar i Dag og Tid.

Ekstranummer

DVD

SCHUBERT, MOZART, HAYDN, BEETHOVEN, BACH:



Encores after

Beethoven

ANDRÁS SCHIFF, KLAVER. ECM 2016

Det var i 1977, den fyrste konserten til András Schiff i den gyldne salen i Wiener Musikverein. Han hadde nett spela ein Bartók-klaverkonsert med den ungarske nasjonalfiolharmonien, var rimeleg nøgd med prestasjonen og måtte ut på scena att og bukka. Sidan publikum klappa vidare, sette han seg like godt ned att på flygelkrakken og spela ein snøgg sats frå ein Haydn-sonate. Etterpå, på veg ut, stod så den ungarske dirigentlegenda János Ferencsik i døra og såg bryskt på han

og sa: «Unge mann, merk dykk dette, det finst ikkje noko verre enn eit for tidleg spela ekstranummer!» Sidan den tid har Schiff gjort det til ein eigen kunst ikkje berre å tima ekstranummera sine, men òg å velja hovande ekstranummer til ein-skilde sonatar. På dette albumet har han samla ekstranummera han plar spela etter Beethoven, som samla fungerer fint som eit lite konsertprogram i seg sjølv. Kosteleg er

elles teksten i omslagsheftet, der han irriterer seg over ukulturen i enkelte land der publikum applauderer tankelaust og robotaktig. I USA er stående ovasjonar sjeldsynte og eit ekte kompliment for kunstnaren. Men i Nederland reiser ein seg å klappar kvar gong, ikkje av begeistring, men av vane. Han kunne like godt nytta Noreg som døme på det siste.

SJUR HAGA BRINGELAND



Den ungarske pianisten András Schiff.